

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dato: 29.11.2017
Vår ref.: 2014/13889-85
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Høyringsuttale til NOU 2017:11. Framtidig organisering av politiet sine særorgan

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) handsama i sitt møte av 28. november 2017 sak *PS 35/17 Høyringsuttale til NOU 2017:11. Framtidig organisering av politiet sine særorgan*. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland er uroa over dei mange alvorlege trafikkulukkene på vegane i Hordaland, og meiner Utrykningspolitiet (UP) er eit viktig særorgan som må oppretthaldast for i best mogleg grad kunne vere med å hindre alvorlege trafikkulukker.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland ber Justis- og beredskapsdepartementet om ikkje å ta forslaget i NOU 2017:11 Bedre bistand. Bedre beredskap. Fremtidig organisering av politiets særorganer om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP) til følge.

FTU grunngjev dette med, mellom anna med:

- UP gjer ein viktig og god jobb i våre distrikt. Hordaland har historisk sett ofte låge på ulukkestoppen, og ikkje greidd å halde følge med nasjonal utvikling i reduksjon av tal drepne og hardt skadde. Vi treng dei effektive verkemidla som finst for å halde fram arbeidet mot nullvisjonen.
- UP sikrar at kontrollar skjer, særleg på utsette strekningar som E39 i Sunnhordland og Nordhordland, samt på E16 mellom Bergen og Voss.
- Utvalet peikar sjølv på at «Utrykningspolitiet (UP) er en effektiv og fleksibel organisasjon som oppnår gode resultater innen trafikksikkerhet.» og at trafiktryggleik framleis er viktig.
- Noreg har sterke resultat i trafikksikringsarbeidet, og UP har ei sentral rolle i dette. Undersøkingar og forskning syner at kontrollverksemda til politiet spelar ei avgjerande rolle i både å avdekkje og avskrekke kriminalitet langs vegane våre.
- Mykje tyder på at vi treng eit dedikert Utrykningspoliti i trafikksikringsarbeidet. Overføring av desse tenestene til politidistrikta vil føre til at trafikksikring får lågare prioritet i ein allereie hektisk politikvardag.
- UP har ein spisskompetanse som kjem politidistrikta til gode ved at tilsette hospiterer i UP og opparbeider seg viktig erfaring og kunnskap som dei har med seg attende til politidistriktet.
- TØI har dokumentert at trafikk kontroll i tråd med UP sitt arbeid, er samfunnsøkonomisk lønsamt. Etter FTU sitt skjøn må difor kontrollverksemd vektast tyngre for å nå ambisiøse mål i NTP, og ikkje prioriterast ned.
- Oppretthalding av UP har støtte i Norges Politilederslag og Politiets fellesforbund.
- Nyleg har også 16 landsdekkjande organisasjonar gått ut og åtvare mot nedlegging av UP, deriblant Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund, NLF, NAF Opplysningsrådet for vegtrafikken og Trygg Trafikk.

Jon Askeland
Leiar i Fylkestrafikksikringsutvalet

Lise Fauskanger Ådlandsvik
Sekretær i Fylkestrafikksikringsutvalet

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.